



Siem Pilot var byggjenummer 75 ved Eidsvik Skipsbyggeri AS.

Det er supplyskipet Siem Pilot som er bygd hos Eidsvik Skipsbyggeri AS som vert sett inn som Norges bidrag for å berga flyktningar i Middelhavet. Statsminister Erna Solberg presenterte skipet i går. Mange tusen flykningar har som kjent omkomme under flukt frå Afrika over Middelhavet i år.

Siem Pilot var Eidsvik Skipsbyggeri AS sitt byggjenummer 75, og det vart bygt i 2010. Det er konstruert for redningsarbeid i Nordsjøen og det har lugarplass til 64 personar. Lastedekket er på nesten 1000 kvadratmeter og ein reknar med at dei kan ta om bord 500 flykningar. Skipet skal vera i funksjon ganske snart, og vil forflytta seg til Middelhavet i løpet av mai månad.

I tillegg til eit mannskap på 15, skal det vera åtte politifolk og ti personar frå Forsvaret om bord. Det er politiet som leiar det norske oppdraget.

– Vi ser at mange døyr under redning, fordi ein ikkje er gode nok til å organisera redningsarbeid fra synkande båtar. Derfor treng vi også personale som er trent på denne typen redning, forklarar statsministeren om kompetansen til dei som skal vera med på oppdraget.

Skipet har to oppdrag:

- Kontrollera og stansa personar som vert mistenkt for ulovlege handlingar som t.d. menneskesmugling.
- Redda flykningar i havsnaud og å henta opp omkomne frå sjøen.

Siem Pilot tilhøyrrer kristiansandrederiet Siem Offshore.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Harald Sætre